



Utvalg: Kontrollutvalet i Bømlo kommune
Møtestad: Formannskapssalen, Bømlo rådhus
Dato: 25.11.2014
Tidspunkt: 10:00 – 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Hellen Sele	Leiar	H
Georg Lønning	Nestleiar	H
Kåre Habbestad	Medlem	SP
Svanhild Vespestad	Medlem	AP
Audun Økland	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
John-Kåre Torkelsen	Medlem	KRF

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Marian Risøy Barane	John-Kåre Torkelsen	AP

Merknader

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Else Holst Larsen	Regnskapsrevisor og partner i Deloitte AS
Elin Molven Wilhelmsen	Spesialrådgjevar i Hordaland fylkeskommune

Sonja Hellen Sele
utvalsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 39/14	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 40/14	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 41/14	Revisjonsplan 2014 for Bømlo kommune		2014/312
PS 42/14	Interimrevisjonsrapport 2014 for Bømlo kommune		2014/312
PS 43/14	Kurs for kontrollutvalet i regi av Deloitte - For politikarar og administrasjon		2014/345
PS 44/14	Første møte i 2015 for kontrollutvalet i Bømlo kommune		2014/314
PS 45/14	Meldingar		
RS 26/14	Tilbakemelding frå rådmannen i høve rapport frå tilsyn med SIB 2014 og Handsaming av årsrekneskapa 2013 for Bømlo kommune.		2014/315
RS 27/14	Fylkesmannen i Hordaland - Rapport frå tilsyn med Nav Bømlo kommune 2014		2014/315
RS 28/14	Fylkesmannen si kartlegging av sjukeheims plassar 2014		2014/196
RS 29/14	Vedtak i KST - Arbeidsmiljøundersøkinga 2014		2014/344
RS 30/14	Vedtak i KST PS 65/2014 Kommunereform i Sunnhordland		2014/415
RS 31/14	Vedtak FS PS 55/2014 2. tertialrapport 2014 i Bømlo kommune		2014/312
RS 32/14	Vedtak KST - Godkjenning av årsmelding 2013 for kontrollutvalet		2014/318
RS 33/14	Invitasjon til NKRF-konferanse 2015		2014/343
PS 46/14	Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune		2014/313
PS 47/14	Eventuelt		

PS 39/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Saksprotokollen vart godkjent.

PS 40/14 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møtet 23.9.2014.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 23.9.2014 vart godkjent.

PS 41/14 Revisjonsplan 2014 for Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan framlegg til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014

Handsaming i møtet:

Else Holst Larsen i Deloitte AS gjekk gjennom revisjonsplanen 2014 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

PS 42/14 Interimsrevisjonsrapport 2014 for Bømlo kommune**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar interimsrevisjonsrapport 2014 frå Deloitte til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014**Handsaming i møtet:**

Rekneskapsrevisor i Deloitte AS, Else Holst Larsen, orienterte i høve saka og svarte på spørsmål frå utvalet.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

PS 43/14 Kurs for kontrollutvalet i regi av Deloitte - For politikarar og administrasjon**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS om å halda eit timars kurs innan den2015.
2. Sekretariatet avklarar med Deloitte AS når dei kan halda kurset i 2015.
3. Administrativ og politisk leiing, økonomi, innkjøp, juridisk etc. i kommunen vert også invitert til å delta på kurset.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014**Handsaming i møtet:**

Sekretariatet delte ut informasjon om «Oversikt kurs 2015» frå Deloitte. Dette som eit supplement til oversikten som er lagt ved som vedlegg til saka.

Kontrollutvalet diskuterte saka. Som kurstema ynskjer dei «samfunnsansvar og antikorrupsjon».

Utvalet vil invitere administrasjonen ved rådmannen og politikarane ved ordførar til å delta på kurset. Rådmannen og ordførar får avgjera kven dei meiner kurset er aktuelt for. Kor mange deltakarar som ynskjer å stilla skal meldast attende til sekretariatet i god tid før kurset skal halast.

Om mogleg vert kurset sett opp i samband med første kontrollutvalsmøte i 2015 som er sett til den 17.2.2014. Kurset vert halde i rådhuset på Bømlo.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS om å halda eit to timars kurs for kontrollutvalet, politikarane og administrasjonen i Bømlo kommune innan temaet «samfunnsansvar og antikorrupsjon».
2. Ordførar og rådmann får sjølve avgjera og invitera aktuelle deltakarar til kurset frå administrasjonen og politikarane i kommunen.
3. Det er ei målsetjing å avvikla kurset i Bømlo kommune, i samband med kontrollutvalsmøte den 17.2.2015. Om dette ikkje er mogleg å få gjennomført denne dagen, skal kurset avviklast før sommarferien 2015.
4. Sekretariatet avklarar med Deloitte AS når dei kan halda kurs i 2015.

PS 44/14 Første møte i 2015 for kontrollutvalet i Bømlo kommune**Forslag til vedtak**

Første kontrollutvalsmøte vert sett til den 17.2.2015.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet diskuterte saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Første kontrollutvalsmøte vert sett til den 17.2.2015.

PS 45/14 Meldingar**Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014****Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjekk gjennom meldingane.

Tilbakemelding frå rådmannen i høve rapport frå tilsyn med SIB 2014:

Kontrollutvalet ynskjer ny attendemelding med status i saka frå rådmannen til det andre kontrollutvalsmøtet i 2015.

Fylkesmannen i Hordaland – Rapport frå tilsyn med NAV – Bømlo kommune:

Kontrollutvalet er uroa over funna som kom fram i rapporten frå fylkesmannen, då det synest som at ein del av brukarane på NAV Bømlo ikkje får den hjelpa som dei har behov for.

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet undersøker kva moglegheiter kontrollutvalet har til å gjera noko med saka, som igjen kan føra til ei betring på tilhøvet for brukarane.

NKRF fagkonferansen 2015:

Det var ingen frå kontrollutvalet som meldte seg i høve konferansen.

Sekretariatet informerte også om FKT konferansen 2015 som skal haldast 3-4 juni 2015.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

- 1. RS 26/14 Tilbakemelding frå rådmannen i høve rapport frå tilsyn med SIB 2014:**
Kontrollutvalet ber rådmannen om å koma med ny attendemelding i høve status i saka til det andre kontrollutvalsmøtet i 2015.
- 2. RS 27/14 Fylkesmannen i Hordaland – Rapport frå tilsyn med NAV – Bømlo kommune:**
Kontrollutvalet ber om at sekretariatet undersøker kva moglegheiter kontrollutvalet har til å gjera noko med saka, som igjen kan føra til ei betring på tilhøvet for brukarane.
- 3. PS 33/14 NKRF fagkonferansen 2015:**
Dei medlemmene som ynskjer å delta, melder seg sjølv på fagkonferansen.

Dei andre meldingane vart tekne til orientering.

RS 26/14 Tilbakemelding frå rådmannen i høve rapport frå tilsyn med SIB 2014 og Handsaming av årsrekneskapen 2013 for Bømlo kommune.

RS 27/14 Fylkesmannen i Hordaland - Rapport frå tilsyn med Nav Bømlo kommune 2014

RS 28/14 Fylkesmannen si kartlegging av sjukeheimsplassar 2014

RS 29/14 Vedtak i KST - Arbeidsmiljøundersøkinga 2014

RS 30/14 Vedtak i KST PS 65/2014 Kommunereform i Sunnhordland

RS 31/14 Vedtak FS PS 55/2014 2. tertialrapport 2014 i Bømlo kommune

RS 32/14 Vedtak KST - Godkjenning av årsmelding 2013 for kontrollutvalet

RS 33/14 Invitasjon til NKRF-konferanse 2015

PS 46/14 Gjennomgang av møteprotokollar - Bømlo kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 47/14 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 25.11.2014

Handsaming i møtet:

1. Selskapskontroll av Bømlo vatn og avlaupsselskap AS – Status:

Revisor Else Holst Larsen informerte om at prosjektet er forseinka grunna sjukdom i Deloitte. Rapporten er forventet ferdig til handsaming i første kontrollutvalsmøte i 2015.

Det kom opp nokre spørsmål vedrørende opplysningar i høve forvaltningsrevisjonsprosjektet, om dette er teke med i rapporten eller ikkje. Då det ikkje var nokon frå forvaltningsrevisjon i møtet, var det ikkje mogleg å få ei avklaring i møtet. Kontrollutvalsmedlem Svanhild Wespestad sender snarast ein e-post til Deloitte i høve opplysningane ho har motteke, med kopi til Sekretariatet, slik at revisor kan få tilgang til desse opplysningane også.

2. Brannrutinar innan pleie- og omsorgssenter i Bømlo kommune:

Kontrollutvalet ynskjer at rådmannen kjem for å orientera i første møtet i 2015 i høve brannrutinar innan pleie og omsorgsinstitusjonar i Bømlo kommune. Bakgrunn for at kontrollutvalet er uroa er DSB rapporten etter evaluering av brannen i Sveio omsorgssenter i 2007, der avvik ikkje er fylgt opp. I lys av dette ynskjer kontrollutvalet informasjon om statusen i Bømlo kommune.

3. Kva konsekvensar eit kutt i kontrollutvalet sitt budsjett kan medføra:

Medlem Georg Lønning stilte spørsmåla kva konsekvensane kan vera om det vert eit kutt på kr. 100.000,- i kontrollutvalet sitt budsjett for 2015.

Nokre av konsekvensane i høve kutt i budsjett 2015, som vart opplyst i møtet, var at kontrollutvalet ikkje får gjennomført alle dei lovpålagte oppgåvene som dei har planlagt i løpet av 2015. Det vil i alle tilfelle ikkje vera rom for å gjennomføra til dømes uforutsette oppgåver. Ved eit

kutt i budsjettforslaget, må også kommunestyret seia noko om kva oppgåver kontrollutvalet skal gjera mindre av i 2015.

Sekretariatet opplyste om at det var svært viktig at kommunestyremedlem Georg Lønning informerer kommunestyret om kva konsekvensane ved eit budsjettkutt kan vera, når budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet 2015 skal handsamast i kommunestyret. Deretter vert det kommunestyret som avgjer kor mykje midlar dei ynskjer å nytta på kontroll og tilsynsarbeidet i Bømlo kommune i 2015.

Vedtak:

1. Selskapskontroll av Bømlo vatn og avlaupsselskap AS – Status:

Kontrollutvalsmedlem Svanhild Wespestad sender snarast ein e-post til Deloitte AS gjeldande opplysingane ho har motteke i høve Bømlo vatn og avlaupsselskap AS, med kopi til Sekretariatet. Kontrollutvalet tok elles løypemeldinga til orientering.

2. Brannrutinar innan pleie- og omsorgssenter i Bømlo kommune:

Rådmannen vert kalla inn i første kontrollutvalsmøte i 2015 for å orientera kontrollutvalet i høve status innan brannrutinar for pleie og omsorgsinstitusjonar i Bømlo kommune.

3. Kva konsekvensar eit kutt i kontrollutvalet sitt budsjett kan medføre:

Kommunestyremedlem Georg Lønning informerer kommunestyret om kva konsekvensane ved eit eventuelt budsjettkutt kan føra til, når budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet 2015 skal handsamast i kommunestyret i desember 2014.